

# Skattejakt for 8-åringar




**Opplegg for ei samling i kyrkjerommet,  
 gjerne før utdeling av "Skatten i Liljedal"**

**av Runar Bang**

## Kort sagt

Dette opplegget bygger på boka "Skatten i Liljedal" der dei tre hovudpersonane må knekke kodar for å finne ein forsvunnen kyrkjeskatt (døypefat, nattverdsutstyr, lysestakar og alterbibel).

På same måte byr "Skattejakt for 8-åringar" på ei spanande skattejakt i kyrkjerommet, der borna skal finne "gøymde skattar": vårt lokale kyrkjeutstyr som er gøymd i kyrkja. For å klare det, må borna løyse enkle bibelkryssord. Bibeltekstar om nattverden er spor i jakta på kalken og disken, tekstar om dåpen er spor i jakta på døypefatet, tekstar om Guds ord er spor i jakta på alterbibelen, og tekstar om "lyset i verda" er spor i jakta på lysestakane. Dermed har alle kyrkjelydar det dei treng for å gjennomføre denne skattejakta, som også formidlar viktige bibeltekstar til borna.



Bibelkryssorda til skattejakta ligg ved som ferdige skattekart. Skriv dei gjerne ut på fargeskrivar. Kryssorda bygger på Bibelselskapet si omsetjing av Bibelen frå 2011.

## Skattekister og fint tøy

Kyrkjeutstyret skal handsamast med respekt, som dei skattane dei er. Bruk silke eller plysj til å pakke utstyret inn. Dersom det er mogleg, legg skattane i ei kiste eller liknande. Det kan gjere skattejakta ekstra spanande. At nattverdiskalken ligg i ei vakker kiste, pakka inn i fint tøy, vil formidle at den er ein dyrebar skatt.



44.31 *Seuttam*



21-1,42 *Sakul*



92-12,41 *Kobesom Erdna*



44-03.6 *Sukram*



21,8 *Sennahoj*

## Innleiing til borna

Det er viktig å skape ei spanande og mystisk ramme rundt skattejakta. Sjølv om vi veit at det heile er ein leik, er det også alvor. Ein kan innleie jakta på følgjande måte.

*Då vi kom hit i dag tidleg var alle kyrkjeskattane våre borte! Den store alterbibelen, døypefatet, lysestakane, fatet til nattverdsbrødet og muggen (kalken) til vinen. Men vi fann noko. Kryssord! Kanskje det er eit spor som viser oss kvar skattane er gøymde? Kan de hjelpe meg? Vi må finne att kyrkjeskattane før gudstenesta i morgon.*



## 2. Skatt: Døpefatet, dåpen

### Førebuing

Døpefatet er gøymd i ei skattekiste ved orgelet/pianoet, og vi brukar det nye bibelkryssordet til å finne neste gøymestad. Leiaren slår opp i Bibelen og les to tekstar om dåpen. Så skal borna prøve å høyre kva for eit ord som manglar, og skrive desse inn i kryssordet. Til slutt finn vi løysingsordet som syner kvar skatten er gøymd.

**NB: Vel kryssord ut frå om gøymestad er orgel eller piano.**

### ORGEL-kryssord (Alternativ I)

Les først Matteus 28,18–20 høgt for borna. Kva for eit ord manglar?

1. "Eg har fått all makt i himmelen og på ..."
2. "Og sjå, jeg er med dykk alle ..."
3. "Døyp dei til namnet til Faderen, Sonen og Den ... ande"

Les Markus 10,13–16 høgt for borna.

4. "Lat småborna koma til ... og hindra dei ikkje! "
5. "For guds rike høyrer ... til."

				1	J	O	R	D	A
2	D	A	G		A	R			
H	E	I	L		A	G	E		
				4	M	E	G		
				5	S	L	I	K	E



## PIANO-kryssord (Alternativ 2)

Les først Matteus 28,18–20 høgt for borna.

Kva for eit ord manglar?

1. "Eg har fått all makt i himmelen og ... jorda."
2. "Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den ... ande"
3. Og sjå, eg er med dykk alle ... så lenge verda står.»



Les Markus 10,13-16 høgt for borna.

- 4 Så tok han dei inn til seg, la ... på dei og velsigna dei.
- 5 "Lat småborna ... til meg og hindra dei ikkje!

				1	P	Å				
			2	H	E	I	L	A	G	E
			3		D	A	G	A	R	
4	H	E	N	D	E	N	E			
			5		K	O	M	A		

### Løysingsordet

blir ORGEL (PIANO). Det betyr at døypefatet er gøymd ved orgelet/pianoet. Vi finn skatten og pakkar han varsamt ut. Borna kan få kjenne på døypefatet.

### KORT FORMIDLING MED BØN (Frå dåpsliturgien)

Ved dåp i kyrkja ber presten ei kort bøn etter at han/ho har helt vatn i døypefonten. No skal vi be ei av dei bønene presten kan bruke:

*Evige Gud, takk for at du tek imot oss i den heilage dåpen. I dåpsvatnet reinsar du oss ved ditt ord frå all synd og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. I trua på ditt ord og din lovnad bed vi: Lat den nye fødsel koma ved din skapande Ande.*

*Saman med den andre skatten finn vi òg sporet som fører oss til neste skatt.*

## 3. Skatt: Nattverdiskalk og disk

### Førebuing

Nattverdiskalk og disk er gøymd i ei skattekiste eller liknande under eller i nærleiken av alteret (avhengig av kva som er praktisk mogleg). Leiaren slår opp i Bibelen og les to tekstar om nattverden. Borna skal prøve å høyre kva ord som manglar, og skrive desse inn i kryssordet. Til slutt finn vi løysingsordet som viser kvar skatten er gøymd.

**Lage bokstavar med kroppen:** Om de ønskjer variasjon, kan borna lage bokstavane med kroppen, i staden for å skrive dei inn i kryssordet. For kvar ny bokstav i løysingsordet, legg 2-3 born seg på golvet og lagar den nye bokstaven med kroppen. Til slutt kan vi lese løysingsordet på golvet.

Les Matteus 26,26-28. Kva for eit ord manglar?

1. Og han tok eit beger, takka, gav dei og sa: «Drikk ... av det!
2. "Dette er mitt ..."
3. Dette er mitt blod, paktblodet, som blir ... for mange så syndene blir tilgjevne.

Les Johannes 6,48 + 51. Kva for eit ord manglar?

4. Den som et av dette brødet, skal ... til evig tid.
5. Og det brødet eg vil gje, er ... min som eg gjev til liv for verda.»

1	A	L	L	E			
2	B	L	O	D			
3	U	T	R	E	N	T	
4	L	E	V	A			
5	K	R	O	P	P	E	N

### LØYSINGSORDET

blir ALTER. Det betyr at den tredje skatten er gøymd ved alteret. Vi finn skatten og pakkar varsamt ut. Borna kan få kjenne på nattverdiskalken og disken.

### Kort formidling

*Begeret og fatet som vi no har funne, vert brukt når det vert feira nattverd i kyrkja. Det gjer vi til minne om den siste gangen Jesus åt i lag med vennene sine før han vart fanga og krossfest. Jesus sa då at hans vener skulle drikke vin og ete brød til minne om han, og at når dei gjorde det, så vart dei samstundes eitt med Jesus. Når vi feirar nattverd i kyrkja, seier presten etterpå:*



*“Den korsfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder.”*

Saman med den tredje skatten finn vi òg sporet som fører oss til neste skatt.

## 4. Skatt: Alterlysestakane

### Førebuing

Alterlysestakane er gøymde i ei skattekiste under ein stor balje ein stad i kyrkje-rommet (jf: lyset under eit kar). Baljen bør vere lett å finne. Leiaren slår opp i Bibelen og les to sentrale tekstar om “lyset i verda”. Borna prøve å høyre kva for eit ord som manglar, og fyller inn i kryssordet. Løysingsordet viser kvar skatten er gøymd.

Les Matteus 5,14-16. Kva for nokre ord manglar her?

1. Ein ... som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast
2. Ingen tenner ei ... og set henne under eit kar.
3. Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i ... !

					1	B	Y			
2	O	L	J	E	L	A	M	P	E	
3	H	I	M	M	E	L	E	N		
					4	J	E	S	U	S
					5	V	E	R	D	A

Les Johannes 8,12 for borna.

Kva for eit ord manglar?

4. Igjen tala ... til folket og sa:
5. «Eg er lyset i ...»

### Løysingsordet

blir BALJE. Vi finn skatten og pakkar han varsamt ut. Borna kan få kjenne på alterlysestakane, og leiaren kan eventuelt ha med lys som vert tente i stakane.

### Kort formidling

*Jesus seier: Igjen tala Jesus til folket og sa: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»*


*Jesus seier også til dei som vil følgje han: ”De er lyset i verda!”*

*Og han lærer oss korleis vi kan vere lys for kvarandre: Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei. For det er dette lova og profetane seier.*

*Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!*


### Avslutning

*Då har vi funne alle kyrkjeskattane, og samstundes har vi høyrte ein del bibelord om kvar av skattane om Ordet, dåpen, nat- tverden og Jesus som lyset i verda.*



## 1. SKatt: Alterbibelen

1. Apostel i Romarane 1,1.
2. Mat i Matteus 4,4.
3. Kven svarer i Matteus 4,4?
4. Kven sitt ord kjem bodskapen ved? Romerne 10,17.
5. Lampe i Salme 119,105.
6. Kva kjem trua av? Romerne 10,17.
7. Smal veg i Salme 119,105.
8. Kven sine ord i Romerne 10,17?
9. Kroppsdel i Salme 119,105.
10. ... på min stig, Salme 119,105.








## 2. Skatt: Døypefatet

1. "Eg har fått all makt i himmelen og ... jorda."
2. "Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den ... ande"
3. Og sjå, eg er med dykk alle ... så lenge verda står.»
4. Så tok han dei inn til seg, la ... på dei og velsigna dei.
5. "Lat småborna ... til meg og hindra dei ikkje!"



Alternativ 2

### 3. Skatti: Nattverdsløskalk og disk

1. Og han tok eit beger, takka, gav dei og sa: «Drikk ... av det!
2. "Dette er mitt ..."
3. Dette er mitt blod, paktblodet, som blir ... for mange så syndene blir tilgjevne.
4. Den som et av dette brødet, skal ... til evig tid.
5. Og det brødet eg vil gje, er ... min som eg gjev til liv for verda.»

1						
2						
3						
4						
5						



#### 4. Skatt: Alterlysestakane

1. Ein ... som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast
2. Ingen tenner ei ... og set henne under eit kar.
3. Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i ... !
4. Igjen tala ... til folket og sa:
5. "Eg er lyset i ..."

